



Mars 2017.



Joar melder om 137 mm. nedbør.



Svaner har gjerne berre korte opphald her i bygda, år om anna er dei å sjå på Vassdalsvatnet. No har Anders forma og sett ut ei svane og eit dyr ved dammen nedanfor Stavkyrkja. Svana må nok lære seg å leve nær dyret nett attmed og det går nok bra.



< Anders er og leiar i Båtforeninga og fortel her om ny båthamn i Ortnevik:

No er vi endeleg komen i gang med å byggje ny båthamn i Ortnevik. Flytebyggjene våre vart så øydelagde av austavinden at vi ikkje torde bruke dei sist sumar. Arbeidet med planlegging og få dei naudsynte løyve til prosjektet har teke omtrent akkurat eit år. Vi måtte også endre planane litt undervegs, geologen som skulle godkjenne grunnforholda ville ha steinfyllinga i 15- 20 meters breidde, og for å få plass til alle, (ca. 20-22 båtplassar), måtte vi då forlenge moloen frå 40 til 60 meter.

Karane med gravemaskinene har vore ute i sjøen og laga hamna djupare, dette arbeidet er omtrent ferdig. All massen dei tok på land har gått gjennom eit sorteringsverk slik at steinen skal brukast oppatt som fylling inni moloen. All sanden kan sikkert brukast til å lage sandstrand nede på badeplassen, ein del sand er også fyllmasse der gamle «Løken» at det skal bli parkeringsplassar volleyball-bane der. Trur det kan

brukast mykje stor stein i den vert henta oppe på Thune. er også komen i gang, vi vonar på stund frametter slik at vegen øydelagd av all tungtransporten.



brukt til var. Tanken er og ny bli fint. Det skal også moloen, og Steinkøyringa godver no ei opp ikkje vert Til no ser dette

ut til å gå bra.

Vi reknar med å klare å reparere dei flytebryggene vi har slik at dei kan brukast opp att inne i moloen.

Når dei kan få vere i ly for vinden kan dei vare i mange år enno.

Ein del dugnadsinnsats lyt me nok rekne med, men det er me alle innstilt på.

Det har vore eit kjekt prosjekt å arbeide med så langt, vi har hatt eit veldig godt samarbeid med Sogn Aqua, Jan Arild og Atle med maskinene sine, og ikkje minst grunneigar Torbjørn.

Ei god båthamn er ein god ting for bygda.



Anders

Årsmøte i Grendelaget



Ei benkerad med møtedeltakarar, - ca. 20 personar kom for å høyre og å seie si meining.

Styret la fram revidert Rekneskap og Årsmelding

Begge deler viste stor aktivitet i laget.

Det sitjande styret tok på ein ny runde.

Inge leiar, Eldar kasserar, Janne styremedlem >

Eldar viste film frå ein skitur han hadde åleine til Solrenningane.



Dette var vaffeldagen og Anders har vafler som 4 H oppgave i år. Han sette i gang og laga vafler til alle på møtet, og vaflene gjekk unna, dei var både fine og gode.

Dette smaka godt Anders! >

Korte utdrag frå Årsmelding og Rekneskap;

Grasrotandelen har gjeve laget ein stor sum pengar siste året, nær 40000 kroner. Vi takkar alle som hjelper Grendelaget
Laget er registrert i grasrotandelen og mottok delar av tippeoverskot for dei som har registrert seg med Ortnevik Grendelag som mottakar.



Grendehus.

Hannah Hewith er framleis tilsett i 10% stilling som vaktmeister, Ho har også teke på seg arrangement i huset, og har ellers omlag dei same oppgavene som tidlegare.
Huset har vore i bruk til Bibliotek, og andre vanlege bygdearrangement og møter. I 2016 hadde vi bra med inntekter på utleige, det meste frå dei som malte kyrkja.

Sentrumsplanen

Arbeidet med å få sett ut i livet noko av planane som sentrumsplanen legg opp til, er vidareført i 2016. Ellers er vi svært glade for at arbeid med ny bårhamn er i gang, arbeid med ny plassering av volleyballbane og grillhytte er og på gang. God innsats av Båtforeninga og 4H. Takk også til velvilljuge grunneigarar.

Månadsmelding og nettsider

Ein del har hjelpt til med stoff. Forsett med det, redaktøren tek gjerne imot.
Nettsida ortnevik.com, ligg som heimeside, og har ein del info frå bygda. Alle månadsmeldingar er lagt ut der også.

Turstiar

Vi har også i år merka og rydda turstiar i bygda, og vi takkar alle som har vore med på det.

Bustadfelt i bygda

Styret har arbeidd mykje med dette siste året. Endeleg vart feltet kjøpt opp av kommunen, og vi veit no at alle tomtene er kommunale. Grendelaget har hatt ein stor dugnad med skogsrydding, og eit førstesideoppslag i avisa om feltet. Vi håpar no at det kjem nye hus og innbyggjarar.

Andre saker styret har arbeidd med

- I bygda er det sett opp 7 veglys, og vi er lova eit til.
- Betre radiodekning DAB. Vi håpar dei fleste har bra dekning no?
 - Posttenesta er forverra i området, og vi prøvde å tilbakeføre ordning med pakkelevering, og i tillegg betalingsterminal i postbil. Dette har ikkje vore råd å få til.
 - Venterom på Nordeide og Ortnevik. Let vente på seg, - det vert arbeidd med saka.
 - Riving gangbru til karet vert jobba vidare med.
 - Reparere Piren på ferjekaien.
 - Driftsstøtte butikken.
 - Ny bålpanne er for lengst på plass.

Årsplan 2017

Vidare drift av grendehus.

Golv og veggar kjellar, tak bibliotek, sandkasse ute. Nye vindu møterom.

Ny avtale med kommunen

Vi har no rydda vekk den gamle rotne gangbrua ut til karet, med hjelp av ryddetilskot frå kommunen

Planen vidare er at karet skal restaurerast





Påskedag 16 april kl. 1600, gudsteneste Ortnevik kyrkje v/Andreas Ester.

Helsing frå Grendelaget!